



Oppvekstkår 3 - Organisering av barnehagar og skular

Temaplan for oppvekstkår 2021-2026

Sektor oppvekst – Kvinnherad kommune. Sak 2020/1228

Oppvekstkårplan 1 - Temaplan

Oppvekstkårplan 2 - Handlingsdel

Oppvekstkårplan 3 - Organisering av barnehagar og skular med endring i skulekrinsgrenser

Oppvekstkårplan 4 - Heildagsskule

| | |
|---|----|
| Innleiing..... | 4 |
| Utfordringsbilete i Kvinnherad ser per i dag slik ut; | 5 |
| Samandrag | 6 |
| Barn sitt beste | 7 |
| Barn og unge i plan og byggesak..... | 7 |
| 1 Kva ynskjer kommunen å oppnå/unngå med å endra skule- og barnehagehagestrukturen? | 8 |
| 1.1 Kva ynskjer kommunen å oppnå med endra struktur? | 8 |
| 1.2 Kva ynskjer kommunen å unngå med endra struktur? | 10 |
| 2 Behov: Førskule- og elevtalsutvikling | 12 |
| 2.1 Grunnskule | 12 |
| 2.1.2 Elevtalsframskriving 6-15 år (SSB 2020 Hovudalternativet)..... | 13 |
| 2.1.3 Mykje ledig skulekapasitet | 13 |
| 2.2 Barnehage..... | 14 |
| 2.2.1 Førskuleframskriving 1-5 år (SSB 2020 Hovudalternativet) | 15 |
| 2.2.2 Behov for barnehageplassar..... | 16 |
| 2.2.3 Ledig kapasitet ved 96% dekningsgrad..... | 17 |
| 3 Framtidig organisering av dei kommunale grunnskule- og barnehagetenestene..... | 18 |
| 3.2 Overordna føresetnader for skule og barnehage..... | 18 |
| 3.2.1 Utvikling av fleifunksjonelle oppvekstsenter med utvida tilbod og kvalitetar..... | 18 |
| 3.2.2 Åkra, Hatlestrand og Mauranger | 18 |
| 3.2.3 Byggfornyng – kommunen bruker meir på nybygg enn vedlikehaldsetterslep..... | 18 |
| 3.2.4 Føresetnadar for grunnskule | 18 |
| 3.2.5 Føresetnader barnehage | 20 |
| 3.2.6 Økonomiske føresetnader | 21 |
| 3.2.7 Idrettshall..... | 22 |
| 3.3 Skuleskyss | 23 |
| 4 Konsept skule | 25 |
| 4.2 Strukturkonsept 0 –vidareføring av dagens situasjon (samanlikningsalternativet)..... | 25 |
| 4.2.1 Strukturelle konsekvensar - hovudgrep og oppsummering | 25 |
| 4.2.2 Samandrag konsept 0 | 25 |
| 4.1.3 Korleis bidreg Konsept 0 til å løyse utfordringane kommunen står ovanfor? | 26 |
| 4.1.4 Investeringsmessige konsekvensar | 27 |
| 4.1.5 Skuleskyss | 27 |
| 4.1.6 Bygningsmessige konsekvensar konsept 0..... | 28 |
| 4.2 Strukturkonsept 1 – Tre utvida oppvekstsentra med auka funksjonalitet..... | 29 |
| 4.2.1 Strukturelle konsekvensar - hovudgrep og oppsummering | 29 |
| 4.2.2 Samandrag konsept 1 | 29 |

| | | |
|-------|---|----|
| 4.2.3 | Korleis bidreg Konsept 1 til å løyse utfordringane kommunen står ovanfor? | 30 |
| 4.2.4 | Investeringsmessige konsekvensar – konsept 1..... | 31 |
| 4.2.5 | Skuleskyss | 32 |
| 4.2.6 | Bygningsmessige konsekvensar konsept 1..... | 33 |
| 4.2.7 | Endra skulekrinsgrenser for barneskule konsept 1 | 34 |
| 4.2.8 | Endra skulekrinsgrenser ungdomsskule konsept 1 | 35 |
| 4.3 | Strukturkonsept 2 – Mindre barneskule på Husnes..... | 36 |
| 4.3.1 | Strukturelle konsekvensar - hovudgrep og oppsummering | 36 |
| 4.3.2 | Samandrag konsept 2 | 36 |
| 4.3.3 | Korleis bidreg Konsept 2 til å løysa utfordringane kommunen står ovanfor? | 37 |
| 4.3.4 | Investeringsmessige konsekvensar konsept 2..... | 38 |
| 4.3.5 | Skuleskyss | 39 |
| 4.3.6 | Bygningsmessige konsekvensar konsept 2..... | 40 |
| 4.3.7 | Endra skulekrinsgrenser barneskule konsept 2..... | 41 |
| 4.3.8 | Endre skulekrinsgrenser ungdomsskule konsept 2 | 42 |
| 5 | Konsept Barnehage | 43 |
| 5.1 | Konsept 0 – Vidareføring av dagens situasjon | 43 |
| 5.1.1 | Strukturelle konsekvensar | 43 |
| 5.1.2 | Samandrag konsept 0 | 43 |
| 5.1.3 | Investeringsmessige konsekvensar | 44 |
| 5.1.4 | Korleis bidreg Konsept 0 til å løysa utfordringane kommunen står ovanfor? | 45 |
| 5.1.5 | Bygningsmessige konsekvensar ved konsept 0 | 46 |
| 5.2 | Konsept 1 – Større og moderne kommunale barnehagar – frå 11 til 4..... | 47 |
| 5.2.1 | Strukturelle konsekvensar | 47 |
| 5.2.2 | Samandrag konsept 1 | 47 |
| 5.2.3 | Investeringsmessige konsekvensar | 48 |
| 5.2.4 | Korleis bidreg Konsept 1 til å løyse utfordringane kommunen står ovanfor? | 49 |
| 5.2.5 | Bygningsmessige konsekvensar..... | 50 |
| 6 | Konsekvensar for drift..... | 51 |
| 7 | Prioritering og innfasing av tiltak konsept 1 og 2 | 52 |
| 7.1 | Konsept 1..... | 52 |
| 7.2 | Konsept 2..... | 53 |
| 8 | Lenkjer til teiknefilm og kommunekart..... | 54 |
| | Lenkje til kommunekart | 54 |
| | Kjelder | 54 |

I vedteken «Temaplan for oppvekstkår» (Sak 2020/1228 Politisk vedtak 22.10.20) under tema God utdanning, er eitt av tiltaka å vurdere barnehage- og skulestruktur for å sikra ei organisering som gir eit likeverdig og godt tilbod til alle barn og unge.

Kvinnherad er ein god kommune å bu i, og alle vil at borna deira skal ha best mogleg oppvekstkår. Men kva betyr eigentleg det? Korleis er det eigentleg å veksa opp i Kvinnherad? Samfunnet har endra seg og det var langt frå dei same krav til tenestetilbodet før som det er nå. Barn og unge har rett til gode kvalitetstilbod både innafør skule, helse og fritid. Dei siste tiåra har det vore lite endringar i tilbodet til barn og unge. Barnetalet har gått nedover og barnehage- og skulebygg har sakte vorte meir slitne og lite eigna i forhold til nye krav. Mange barn har arbeidsplassen sin i bygg som ikkje stettar krava til miljøretta helseven. Er det slik me vil ha det?

Denne planen har store ambisjonar for borna i kommunen. Det vert lagt opp til omfattande endringar i rammene. Det er ikkje eit godt nok rammeverk rundt dei slik det er i dag. Kommunen har og store forventningar til at dei unge skal koma tilbake til kommunen og busetja seg etter ferdig utdanning. Det er då naturleg å spørja seg kva dei ynskjer å koma tilbake til? Det kan sjå ut for at dei som har vakse opp i Kvinnherad dei siste åra ikkje har kome tilbake og busett seg her. Kva skal til for at dette endrar seg? Kvi for buset ungdomane set i byane? Korleis kan me i Kvinnherad møta dette viss me ynskjer at dei skal koma tilbake att? Kva ynskjer dei unge familieane for borna sine dersom dei skulle koma tilbake?

Er det viktig kva fritidstilbod barna får tilgang til? Betyr det noko kva kvalitet det er i barnehagar og skular, eller på barnehagebygg og skulebygg? Betyr det noko kva fagkompetanse som er på barnehagane og skulane? Tilgang til idrettsanlegg, kulturtilbod SFO eller heildagsskule med mat og leksefri? I ungdata svarar borna som veks opp i kommunen mellom anna at dei ynskjer fleire bussruter/kollektiv transportmiddel slik at dei kan reisa til kvarandre og vera saman på fritida. Dei ynskjer seg fritidsklubbar der dei kan vera saman og dei ynskjer seg også samlingsplasser i bygdene sine.

Foreldra i barnehagane i Kvinnherad melder om at dei ynskjer seg betre fysiske forhold både ute og inne, og dei ynskjer at barna skal få servert mat i barnehagen.

Korleis kan me finna gode løysingar som gjer at det blir bra å veksa opp og bu i Kvinnherad i framtida? Er det mulig å driva bygdeutvikling sjølv om ein legg ned barnehagar og skular. Går den an å seia JA TAKK BEGGE DELAR ! Går det an å tenkja seg at kommunen går inn og støttar bygdene med tilskot og hjelp til gode tiltak, -at skulane kan bli framtidige møteplasser for alle generasjonar, -at leikeplassane skal vera der som samlingsplass når barna og ungdomane kjem heim frå skulen.

Kan det tenkja seg at det er dette unge Kvinnheringar vil ha for å flytta heim att?

| Innsatsområde/Strategi/Mål | Tiltak | Tidsplan | Ansvar |
|--|---|----------|-------------|
| Barnehage- og skulestruktur som sikrar: 1.Like tilbod i heile kommunen og 2.Miljømessig-, sosial- og økonomisk berekraft for framtida. | Lenke: Barnehage- og skulestruktur. Ulike alternativ | | Sektorleiar |

Dette dokumentet utgreier dette punktet og ser slik ut i handlingsdelen til Temaplan oppvekstkår;

| Innsatsområde | Tiltak | Tid |
|-------------------|---|------|
| Likeverdig tilbod | Utgreia og vedta forslag til ny barnehage- og skulestruktur som sikrar barna/elevane likeverdig tilgang på kompetanse. Alternativa må vurderast opp mot barn sitt beste og berekraftsmåla både når det gjeld sosiale- miljømessige og økonomiske omsyn. | 2021 |

- Talet på førskulebarn og elevtal går ned. Det blir færre barn ved barnehagane og skulane
- Kvinnherad har langt fleire skular og barnehagar enn dei kommunane som har like mange innbyggjarar. Dette skuldast ikkje berre store avstandar då mange av skulane og barnehagane ligg nære kvarandre. Samla sett er det nå 32 barnehagar og skular i kommunen. (Kommunale og private)
- Kvaliteten på tenestetilboda varierer mellom einingane. Dette syner mellom anna att i det statlege systemet for måling av kvalitet
- Formell kompetanse innafor ulike fag/område som spesialpedagogikk, digitale dugleikar, språkfag, musikk er ikkje tilstrekkeleg i alle einingar
- Rektorar og styrarar i dei små einingane opplever det utfordrande å vera åleine i leiinga
- Det er utfordrande for barnehage- og skuleeigar å følgja opp alle einingane. Det er svært utfordrande for PPT, helsesjukepleiarane, ergo- og fysioterapi å vera eit lag rundt barna på alle einingane
- Vedlikehaldet ved skular og barnehagar har vore lågt dei siste åra. Det er eit stort etterslep på vedlikehald
- Skulebygga er ikkje tilpassa moderne undervisningsmetodar. Både elevar og tilsette manglar tilpassa lokale
- Fleire av barnehagane manglar arbeidsrom til pedagogane. Det er ikkje grupperom/møterom i barnehagane. Dei fleste kommunale barnehagane har dårlege inne og utemiljø
- Både barnehage- og skulebygg manglar universell utforming og stettar i låg grad krav til arbeids- og lærings-/leikemiljø
- Skulefritidstilbodet varierer frå skule til skule. Nokre elevar har ikkje tilbod på sin skule.
- Fleire av uteområda er dårleg utstyrte og er lite tilrettelagt for leik og fysisk aktivitet
- Skulane manglar nok formell kompetanse og klarar ikkje å rekruttera nok pedagogar. Høg prosent ufaglærte lærarar
- Skulane slit med å få god nok effekt på vidareutdanningstiltak innan basisfaga
- Det er få søkjarar til ledige leiarstillingar. Dette skuldast nok både at det er trong for mange leiarar i kommunen og at leiaroppgåvene på små skular blir omfattande då det ikkje er fleire å dela oppgåvene med
- Statlege forventningar om spesialkompetanse som skal vera knytt opp mot kvar skule er problematisk med mange små einingar
- Læringsresultata ved dei ulike skulane varierer sterkt
- Sjølv om kommunen har mange skular har over 30% av barna skuleskyss. Det er lite gang- og sykkelstiar og fleire søkjer om skuleskyss grunna ekstra farleg skuleveg. Skuleskyss grunna ekstra farleg skuleskyss er økonomisk mykje meir kostbar enn den skuleskyssen barn har rett til etter 2 eller 4 km
- Ungdomsklubb er tilgjengeleg berre for ungdom på Husnes
- Helsestasjon for ungdom er berre tilgjengeleg for dei ungdomane som bur på Husnes
- Avlastningstilbodet til barn som treng det er ikkje tilstrekkeleg
- Mange unge uføre i kommunen samanlikna med andre. Dette kan skuldast låg satsing på førebyggjande tiltak for sårbare barn
- Staten har stadig nye forventningar til kvalitet og tenestetilbod i barnehagar og skular. Mange av desse forventningane er utfordrande å møta med få tilsette og liten spisskompetanse. Barn og unge i Kvinnherad kan få eit dårlegare tilbod enn i dei kommunane som tilpassar seg nye føringar frå staten
- Økonomiske kostnader med drifta i sektoren er høg. Dette gjeld særleg barnehage.
- Mange av lokala som i dag vert nytta til skule- og barnehagebygg stettar ikkje krava om GDPR, teieplikt og personvern for barna. Byggja er ikkje lydisolerte og personsensitive telefonsamtalar, møte med eks. barnevern og samtalar med barn kan overhøyrast av andre tilsette og barn i andre rom

Dette dokumentet omhandlar og vurderer eksisterande og ny barnehage- og skulestruktur. Eksterne konsulentar med kompetanse på denne type arbeid har bidrege saman med Kvinnherad kommune i arbeidet. Frå Kvinnherad kommune har det delteke tilsette frå ulike relevante faggrupper samt representantar for ulike fagforeiningar.

Det er vurdert tre ulike alternativ for skulestruktur;

Konsept 0: ingen endring i struktur og vidareføring av 15 skular.

Konsept 1: samanslåing av fleire skular med nybygg. Ein ser her for seg ein type oppvekstsenter/klynger der både barnehagar, barneskular, ungdomsskular, bibliotek, kantiner, idrettshallar og kontorlokale for hjelpetenester er etablerte.

Konsept 2: handlar også om samanslåing av skular, men her er det færre samanslåingar og fleire att.

Det er vurdert to ulike alternativ for barnehagestruktur:

Konsept 0: ingen endring i struktur og vidareføring av 16 barnehagar

Konsept 1: samanslåing av fleire kommunale barnehagar. Ein ser her for seg ein type oppvekstsenter/klynger der både barnehagar, barneskular, ungdomsskular, bibliotek, kantiner, idrettshallar og kontorlokale for hjelpetenester er etablerte.

Heildagsskule som ordning og tilbod til familiane er omtala i eige dokument; «Oppvekstkår-heildagsskule». Denne utgreiinga er tinga og forankra i politisk vedtak i kommunestyret 10.12.20 som verbalpunkt i budsjett- og økonomiplan 2021 – 2024. (PS 2020/134)

Dokumentet inneheld ein oversikt over kva eit heildagsskuletilbod kan innehalda og kva eventuelle kostnader dette tilbodet vil føra til. Viktige element i heildasskule er; utvida skuledag med gratis aktivitetar, leksefri heime og gratis mat.

Skulane i Kvinnherad i dag er ikkje eigna til å romma ein heildagsskule. Skal alle born i Kvinnherad få eit slikt tilbod, trengst det nye skulebygg med godkjende lokale for oppbevaring og servering av mat. Utgreiinga har difor inkludert heildagsskule i dei alternativa som utløyser nye bygg; alternativ 1 og 2.

For at barn, unge og føresette enkelt skal få informasjon om innhald og konsekvensar av strukturendringar i handlingsdelen, er det laga ein teiknefilm. I siste delen av dette dokumentet ligg ei lenke til filmen.

Kvinnherad kommune har eiga forskrift for skulekrinsgrenser. Forslag til endringar i forskrifta ligg som kart i dei ulike konseptane som er utgreidd. Det er også lagt ei lenke i slutten av dokumentet som syner både eksisterande skulekrinsgrenser og dei nye føreslåtte grensene. (konsept 1 og 2 barneskule) (konsept 1 og 2 ungdomsskule)

Det har vore lagt vekt på at dokumentet skal innehalde mykje grafisk framstilling, og ikkje så mykje tekst. Utgangspunktet for framstillinga er kva **utfordringar** kommunen har med den måten barnehagar og skular er organiserte på, **kva ein vil unngå** og **kva ein vil oppnå** med ein **ny type organisering**.

Barn sitt beste

Av Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv 2-12 går det fram at det i samband med nedlegging av skular og endring av krinsgrenser skal gjennomførast vurderingar av barn sitt beste.

Barn sitt beste er vurdert opp mot kvart av dei seks områda for oppvekstkår i temaplanen. Temaplanen er ein overordna plan for oppvekstkår og den er grunnlaget for dei tre dokumenta som vert lagt fram i denne saka. Planane heng saman og er gjensidig avhengige av kvarandre.

I temaplanen er barnekonvensjonen og FN sine berekraftsmål lagt til grunn for vurderingar av barn sitt beste.

Barn og unge i plan og byggesak

Kommunal og moderniseringsdepartementet har gitt ut ein veileidar som handlar om kva omsyn ein skal ta til barn og unge i planlegging og i krava til det einskilde byggetiltak. Veiledaren viser korleis plan- og bygningslova kan sikra og skape gode oppvekstkår for barn og unge. I innleiinga til dokumentet står det å lesa:

« Nesten all planlegging har innverknad på nærmiljøet og oppvekstvilkåra for barn og unge på kort og/eller lang sikt. Derfor er det viktig at dei som planlegg og byggjer, tek ekstra omsyn til barn og unge og deira behov. I saker som gjeld barn og unge, bør barnetråkk og fråsegner frå barna sjølv, elevråd, ungdomsråd og ungdommens bystyre brukast som dokumentasjon.

Barn og unge er framheva spesielt i formålsparagrafen i plan- og bygnings lova fordi dei skil seg frå andre grupper. Dei er umyndige, har liten innverknad og er heilt avhengige av at vaksne tek hand om deira interesser i plan- og byggesaker. Planlegging etter plan- og bygningslova skal leggje vekt på langsiktige løysingar, og det skal gjerast greie for konsekvensar for miljø og samfunn. Omsynet til oppvekstvilkåra for barn og unge skal sikrast i planlegginga og i kvart enkelt byggjetiltak.»

1 Kva ynskjer kommunen å oppnå/unngå med å endra skule- og barnehagehagestrukturen?

1.1 Kva ynskjer kommunen å oppnå med endra struktur?

Skule- og barnehageorganiseringa må leggja til rette for profesjonsfellesskap og pedagogisk kvalitet

- Ynskjer å oppnå at førskuleborn og elevar i kommunen skal ha eit kvalitativt likeverdig pedagogisk skule- og barnehage tilbud
- Ynskjer å oppnå å heva kvaliteten med å samla meir kompetanse i større einingar
- Ynskjer å oppnå større kollegie med breiare kompetanse til å utvikla pedagogisk kvalitet i profesjonsarbeidet og organisasjonsbygging

Skulane og barnehagane har fysiske lærings- og arbeidsmiljø som stimulerer til pedagogisk variasjon og metodebruk

- Ynskjer å oppnå at barn og tilsette i heile kommunen skal ha likeverdige rammer for fysisk lærings- og arbeidsmiljø
- Ynskjer å oppnå at kommunen møter krav om bygg som er moderne og pedagogisk funksjonelle
- Ynskjer å møta krav om bygg som er universelt utforma
- Ynskjer å møta krav om varierte uteareal

Skule- og barnehageorganiseringa sørgjer for ei inspirerende, motiverande og lærerik arena

- Ynskjer å oppnå at organiseringa støttar opp om det profesjonelle læringsfellesskapet og aukar kompetansen og utviklar den metodiske verktøykassa og profesjonelle læringsfellesskap
- Ynskjer å oppnå at skulane og barnehagane er gode og attraktive arbeidsplassar
- Ynskjer å få større personale kan skape ein annan dynamikk som kan koma borna og elevane til gode. Fleire elevgrupper på trinnet – trinnsamarbeid og meir tverrfagleg arbeid

Skule- og barnehageorganiseringa bygger opp under ein berekraftig kommuneøkonomi

- Ynskjer å oppnå økonomiske rammer som tek i vare pedagogisk kvalitet og kvalitet i det fysiske læringsmiljøet gjennom ei meir effektiv skule- og barnehagedrift

Organiseringa av skule og barnehagesektoren tek omsyn til behovet for kompetanse og leiing

- Ynskjer å oppnå at kompetansekrav og pedagognorm vert oppfylt i dei kommunale tenestene
- Ynskjer å oppnå god utnytting av leiarressursane
- Ynskjer å oppnå handlingsrom for å driva og utvikla pedagogisk leiing.
- Ynskjer å redusera omfanget av segregerende tiltak for barn og unge som har behov for særskilt tilrettelegging
- Ynskjer å oppnå meir profesjonalitet i samhandling med hjelpetenestene og at dei har kontor plass på skulane

Organiseringa av oppvekstsektoren tek omsyn til overordna mål i kommuneplanen

- Ynskjer å oppnå at organiseringa av skular og barnehagar stør opp under sentrumsutviklinga
- Ynskjer å oppnå at organiseringa av skular og barnehagar byggjer opp under øvrige grender og tettstadsutvikling

Organiseringa av skule- og barnehagane bidreg til ein effektiv bygningsdrift for kommunen

- Ynskjer å oppnå at kapasiteten i bygga skal vere tilpassa barnetala nå og dei som kjem framover
- Ynskjer å oppnå at kommunen har moderne og pedagogisk funksjonelle anlegg/bygg
- Ynskjer å oppnå at anlegga har lite vedlikehaldsetterslep og lave kostnader med reinhald og oppvarming
- Ynskjer å oppnå at anlegga skal ha likeverdige fysiske læringsmiljø

Organiseringa av oppvekstsektoren bygger opp under kommunen sine folkehelsestrategiar

- Ynskjer å oppnå at flest mogleg av borna og elevane skal kunna gå eller sykla til skulen (barnehagen)
- Ynskjer å oppnå at anlegga fungerer som nærmiljøanlegg som bidreg til aktivitet utover skuletida
- Ynskjer at anlegga er aktivitetsutforma – særleg uteareal

Organiseringa med færre einingar og betre ressursutnytting

- Ynskjer å oppnå færre einingar som vil gje betre oversikt
- Ynskjer å oppnå mindre kontrollspenn for sektoren, som gjer det mogleg å styra i same retning
- Ynskjer å oppnå at hjelpetenester får færre einingar å følgja opp, og at dei såleis kan utnytte ressursane sine på ein meir hensiktsmessig måte

Skule- og barnehageorganiseringa må leggje til rette for profesjonsfellesskap og pedagogisk kvalitet

- Unngå at skule- og barnehageorganiseringa gjev for små faglege fellesskap med lite høve til tverrfagleg samarbeid. Dette gjeld både for barn og tilsette
- Unngå små einingar som opplever å mangla kompetanse

Skulane og barnehagane har fysiske lærings- og arbeidsmiljø som stimulerer til pedagogisk variasjon og metodebruk

- Unngå at anlegg som vert ein salderingspost.
- Unngå fysiske tilhøve som vert eit hinder for at skulane skal driva med aktiv læring
- Unngå fysiske tilhøve som hindrar internt samarbeid

Skule- og barnehageorganiseringa sørger for ei inspirerende, motiverande og lærerik arena

- Unngå at organiseringa bidreg til å forringa dei pedagogiske miljøa
- Unngå at organiseringa av barnehagar og skular fører til at det sosiale miljøet blir fattig for både barn og tilsette

Organiseringa av skule og barnehagesektoren ivaretek behovet for kompetanse og leiing

- Unngå reduserte stillingar pga. kompetansekrav
- Unngå ufaglærte som følge av utfordringar med rekruttering
- Unngå ulik tilgang på kvalifiserte pedagogar mellom skulane / barnehagane og dermed ulik kvaliteten på det pedagogiske tilbodet til borna / elevane

Skule og barnehageorganiseringa bygger opp under ein berekraftig kommuneøkonomi

- Unngå dårleg utnytting av dei økonomiske ressursane gjennom mange små desentraliserte einingar som gjev særleg høg kostnad per elev i kommunen kombinert med bortfall av inntekter som følgje av barne- og elevtalsnedgang

Organiseringa av oppvekstsektoren ivaretek overordna mål i kommuneplanen

- Unngå at lokalsamfunna vert utarma. Syte for tilbod og samlingsplassar i grendene (sjølv om skulane er nedlagde)

Organiseringa av skule- og barnehagane bidreg til ein effektiv bygningsdrift for kommunen

- Unngå store utgifter til reinhald, oppvarming og vedlikehald
- Unngå unødvendig stort areal pga dårleg utnytting av plass
- Unngå slitasje på reinhaldspersonale pga tungt reinhald

Organiseringa av oppvekstsektoren bygger opp under kommunens folkehelsestrategiar

- Unngå for stor andel elevar med skyssbehov pga. avstand eller ekstra farleg skuleveg
- Unngå anlegg som «pasifiserer» borna / elevane


Organiseringa av skulesektoren bidreg til trygg skuleveg for elevane

- Unngå at organiseringa av skuleskyssen bidreg til lengre reisetid enn naudsynt for elevane. Merk at sær mange born har skuleskyss i dag

Organisering med færre einingar og betre ressursutnytting

- Unngå eit for lite fagleg fellesskap for leiarane
- Unngå at ressursar som kan brukast til å auka kvaliteten i tilboda til mange, blir brukte til få


2.1 Grunnskule



I skuleåret 2020/21 er det 15 kommunale grunnskular og 1 privat skule (Ølve) i kommunen. Kun to skular har eit elevtall over 200 elevar. På lengre sikt er det berre Husnes ungdomsskule som vil ha eit elevtal over 200 elevar. 7 skular har eit elevtal under 100 elevar, mens 6 skular ligg mellom 100-200 elevar i skuleåret 2020/21.

Kvinnherad kommune si framskriving av elevtalet gjev høg elevtalsnedgang på kort og mellomlang sikt. Inneverande skuleår 2020/21 går det rett under 1 600 elevar i Kvinnherad. I skuleåret 2024/25 er det forventa at elevtalet er redusert med 200 elevar til om lag 1 400 elevar samla i Kvinnherad.

| Skule | 2019/2020 | 2020/2021 | 2021/2022 | 2022/2023 | 2023/2024 | 2024/2025 |
|-----------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Halsnøy skule | 167 | 167 | 165 | 170 | 159 | 148 |
| Øyatun skule | 65 | 66 | 75 | 76 | 74 | 73 |
| Bringedalsbygda skule | 57 | 54 | 49 | 49 | 47 | 47 |
| Valen skule | 113 | 114 | 114 | 105 | 103 | 94 |
| Skarveland skule | 55 | 55 | 50 | 50 | 47 | 40 |
| Sunde skule | 114 | 105 | 103 | 102 | 100 | 97 |
| Undarheim skule | 232 | 215 | 199 | 187 | 186 | 182 |
| Husnes ungdomsskule | 255 | 266 | 286 | 277 | 254 | 230 |
| Åkra skule | 3 | 6 | 6 | 7 | 8 | 9 |
| Uskedalen skule | 102 | 96 | 85 | 78 | 71 | 67 |
| Malmanger skule | 124 | 114 | 114 | 106 | 101 | 99 |
| Mauranger skule | 18 | 19 | 17 | 17 | 15 | 11 |
| Omvikdalen skule | 92 | 95 | 100 | 91 | 95 | 90 |
| Rosendal ungdomsskule | 158 | 141 | 138 | 147 | 146 | 154 |
| Hatlestrand skule | 80 | 75 | 62 | 58 | 53 | 51 |
| Ølve Montessori | 20 | 17 | 15 | 15 | 13 | 9 |
| Sum i kommunal skule | 1635 | 1588 | 1563 | 1520 | 1459 | 1392 |



SSB sitt hovudalternativ tilseier ein dramatisk nedgang i elevtal i Kvinnherad-skulen. I 2020 var det nær 1 700 elevar i kommunen. I 2035 tilseier SSB si framskriving 1 200 elevar. Dette er ein nedgang i elevtalet på 500 elevar – eller nær 30 % - samanlikna med skuleåret 2019/20.

Ein slik nedgang gir reduserte inntekter til kommunen. Dette kombinert med ein kostbar og desentralisert skulestruktur fører til ei økonomisk utfordring. Her må ein jobba på mange frontar for å unngå ein slik situasjon, unngå at situasjonen blir så omfattande og aller helst klara å snu denne trenden.

2.1.3 Mykje ledig skulekapasitet


Det er mykje ledig skulekapasitet i dei 15 skuleanlegga. Det ligg ikkje føre egne kapasitetsanalyser av skuleanlegga i Kvinnherad – men alle anlegg er dimensjonert for fleire elevar.




Det er 16 barnehagar i Kvinnherad (Hauge barnehage lagt ned hausten 2020) og det er 990 godkjente barnehageplassar. Av dei 16 barnehagane er 11 kommunale

| Barnehage | Eigarform | Plassar | Barn 2020 |
|---|-----------|------------|------------|
| Bringedalsbygda Barnehage | Kommunal | 38 | 28 |
| Mauranger Barnehage | Kommunal | 24 | 5 |
| Myrane Barnehage | Kommunal | 112 | 58 |
| Nordsido Oppvekstområde Hatlestrand Barnehage | Kommunal | 24 | 16 |
| Nordsido Oppvekstområde Varaldsøy Barnehage | Kommunal | 18 | 5 |
| Nordsido Oppvekstområde Ølve Barnehage | Kommunal | 18 | 3 |
| Omvikdalen Barnehage | Kommunal | 60 | 45 |
| Sunde Barnehage | Kommunal | 72 | 53 |
| Undarheim Barnehage | Kommunal | 96 | 55 |
| Uskedalen Barnehage | Kommunal | 51 | 25 |
| Åkra Barnehage | Kommunal | 16 | 5 |
| Akasia Valen Barnehage | Privat | 125 | 57 |
| Dønhaug Gardsbarnehage | Privat | 26 | 18 |
| Espira Halsnøy Kloster Barnehage | Privat | 102 | 87 |
| Læringsverkstedet Handeland | Privat | 69 | 38 |
| Rosendal Fus Barnehage As | Privat | 139 | 66 |
| SUM | | 990 | 564 |

2.2.1 Førskuleframskriving 1-5 år (SSB 2020 Hovudalternativet)




Kvinnherad kommune kan forventa nedgang i talet på førskuleborn innover store deler av perioden. I 2028 gjev hovudalternativet til SSB 550 førskuleborn innafør kommunegrensene i Kvinnherad. På lang sikt forventar dette alternativet at kommunen ligg mellom 550 – 570 førskuleborn.



I figuren over ser vi sammenhengen mellom den samla barnehagekapasiteten i Kvinnherad og forventa utvikling i førskuleborn.

Når små barn vert omrekna til store barn, er det behov for 600-700 barnehageplassar i kommunen. I dag er det mogleg å etablere nær 1 000 plassar lokalt.

Det er såleis mykje overkapasitet og liten balanse mellom tilbud og etterspurnad.



3 Framtidig organisering av dei kommunale grunnskule- og barnehagetenestene

3.2 Overordna føresetnader for skule og barnehage

3.2.1 Utvikling av fleirfunksjonelle oppvekstsenter med utvida tilbod og kvalitetar

Sentralt i utviklinga av den framtidige organiseringa av barnehage- og skuletilbod i Kvinnherad, ligg tanken om etablering av ein type oppvekstsenter der barnehagar, barneskular, ungdomsskular i nokon grad er plasserte i nærleiken av kvarandre som «klynger» for å danna sterke kompetansesenter med felles funksjonar som til dømes bibliotek, kantine, symjebasseng, idrettshall, innføringsklassar for minoritetsspråklege, kulturskuletilbod, heildag-skuletilbod, kontorlokale for PPT og helsesjukepleiarar. Dette er løysingar som kan realiserast i større og mindre grad i Rosendal, Husnes og Halsnøy og Hatlestrand.(+ Valen i konsept 2) I tillegg vil det fortsatt vera private barnehagar i fleire av bygdene. Åkra skule og barnehage kan, grunna avstand, fortsetja som ei einig med ein leiar. Desse tiltaka er i tråd med føringane i kommuneplanen om å byggje opp fleirfunksjonelle tenester i tettstadane. Ei slik utbygging vil stø opp under prinsippet om ei samordna areal- og transportutvikling.

Det har vore eit politisk ynskje om å sjå val av barnehage- og skulestruktur opp mot konseptet heildagsskule. Dette er gjort nærare greie for i dokumentet «Oppvekstkår-heildagsskule»

3.2.2 Åkra, Hatlestrand og Mauranger

Kvinnherad kommune er ein langstrakt kommune. Åkra har lang reiseveg med delvis farlege vegstrekingar på utsette periodar av året. Nordsida oppvekstområde har demografiske og geografiske føresetnader som seier at det bør vera kommunale barnehage- og skuletilbod i denne delen av kommunen. I Mauranger syner fødselstala at grunnlaget for barnehage- og skuledrift vert sterkt redusert. Dette skuleområdet vert overført til skulane i Rosendal. Dei føresette som har barnehagebarn og arbeider i Odda får eit barnehagetilbod der i den grad Ullensvang kommune har kapasitet til å ta i mot. Skuleelevane i Mauranger får skuleskyss til Rosendal og skulane der. Dette kan forsvarast når den nye trafikksikra vegen er klar. Dersom elevar frå Mauranger søkjer om å få gå på skule i Odda må dette handsamast som enkeltsaker og vurderast i kvart tilfelle. Det må sjølvsagt avklarast med Ullensvang kommune i kvart tilfelle.

3.2.3 Byggfornyng – kommunen bruker meir på nybygg enn vedlikehaldsetterslep

Ei vidareføring av dagens struktursituasjon inneberer at ein må bruke betydelege midlar på det etter kvart store vedlikehaldsetterslepet som er realiteten per i dag. Målet med konsept 1 og 2 er å investera i nybygg og modernisering i staden for å halda ved like gamle, og i nokre tilfelle lite funksjonelle, bygg.

3.2.4 Føresetnadar for grunnskule

3.2.4.1 Etablering av større ungdomssteg på Husnes

I arbeidsgruppa sitt framlegg til alternative strukturkonsept er det ynskjeleg å etablere noko større ungdomssteg med helst 3 grupper / klassar på kvart årssteg eller meir (U270 / U360). Øyatun skule er difor føreslått overført til Husnes ungdomsskule i alle alternativ.

3.2.4.2 Nordsida og Halsnøy

Nordsida skulekrins ligg fast og vert ikkje endra. Halsnøy skule er eit nytt og moderne skuleanlegg og vert ikkje foreslått endra.

3.2.4.3 Korte avstandar mellom skulebygga

Mange av barneskulane ligg med kort avstandar på strekningen Sandvoll – Rosendal. Avstanden mellom fleire av skulane i tid er berre 15 min. Her vert det føreslått å endra kringsgrense, leggja ned skular og etablere nye større skular i nye bygg.

3.2.4.4 I størst mogleg grad etablere skular med fulldelt barnesteg

Arbeidsgruppa har hatt som mål å etablere større barneskular. Skular med over 300 elevar gir føremoner med at det blir fleire tilsette i leiinga og at ein får samla kompetansen til pedagogane på færre einingar. På denne måten møter borna vaksne som har kompetanse på deira behov og utfordringar. Borna vil, ved å vera del av eit større sosialt fellesskap, ha auka moglegheit for å finne vener med same interessefelt.

Med færre skular vil ein oppnå ei mykje betre utnytting av hjelpetenestene slik at skulane vil få ei betre oppfølging. Skuleeigar ville også kunna yta meir hjelp og støtte.

3.2.4.5 Kompetansekrav etter skuletype 1-7 og 8-10

Det er ulike krav til undervisningskompetanse for lærarane i barne- og ungdomsskule. Ved å samla lærarkompetansen på færre skular vil fleire elevar få tilgang til spisskompetansen.

Lærarutdanninga er totalt endra dei siste åra. Allmennlæraren som underviste i alle fag er ikkje lengre godkjend. Dei komande lærarane som går ut av lærarhøgskulane vil ha ein 5-årig master og i stor grad ei fagutdanning. Dei lærarane som har ei eldre utdanning må ta formell kompetanseheving innan dei basisfaga dei skal undervisa i innan 2025. Viss ikkje manglar dei undervisningskompetanse. Det er dette dilemma me står i, særleg i dei små skulane som har størst problem med å få på plass kompetente lærarar. Bakgrunn for dette kompetansekravet er at læraren sin kompetanse har svært mykje å seia for elevane si læring. Skuleeigar har eit ansvar for å leggja til rette for best mogleg læring for alle elevar i kommunen.

3.2.4.6 Hjelpetenestene PPT, skulehelsetenesta, ergo- og fysioterapi

I nyare statlege føringar er det lagt vekt på at det skal vera det ein kallar «eit lag rundt elevane» Det vil seia at andre faggrupper enn pedagogar skal kunne vera til hjelp for barn og unge når dei treng det. Slike faggrupper er dei me finn i eininga «Barn og familie» som spesialpedagogar, psykologar og helsesjukepleiarane. I tillegg er både ergoterapeutar og fysioterapeutar nemnde som ein del av laget.

3.2.4.7 Tilgang på lærarspesialistar – fagkompetanse

Ein positiv effekt med oppretting av større einingar er at fleire elevar får tilgang til spisskompetansen som er tilgjengeleg til dømes spesialpedagogar, lærarspesialistar, bibliotekar, lærarar med utvida digitalkompetanse mm

Det er klare føringar for kompetanse i Meld. St.6. om Spesialpedagogikk, lærarspesialist i byrjaropplæring, rettleiar til nyutdanna osv. Ved færre einingar vil me raskt kunne koma i møte krava, og ny kompetanse vil nå fleire barn.

3.2.4.8 Kvalitet i skule

Kvalitetsarbeid i skule handlar om å gjera opplæringa betre for elevane. I ein god kvalitetsutviklingsprosess skal pedagogane vurdere nå-situasjonen og bestemma seg for kor ein vil slik at alle drar i same retning. Kompetanseheving på denne måten er rimeleg nytt for skulane. Det å utvikla heile profesjonsfellesskapet og læra saman og av kvarandre har ikkje noko lang tradisjon i skulen. Det er viktig at profesjonsfellesskapet

har ein viss storleik for å få til gode prosessar. Små skular med ein person i leiinga kan ha vanskar med å få tid til å leia dette arbeidet og det kan vera vanskeleg å stå aleine med ansvaret for å gjennomføra prosessane.

Staten har forventningar om at alle skular skal driva utviklingsarbeid gjennom skulebasert kompetanseutvikling og kollektiv profesjonsutvikling. Skular som er så store at dei har ei leiargruppe som kan støtta seg til kvarandre, kontorteknisk personale som kan avlaste leiarane og eit profesjonsfagleg fellesskap med variert og ulik kompetanse sikrar betre utvikling på skulane.

Den viktigaste føresetnaden for god kvalitet er dei tilsette sin kompetanse og deira evner til å leggja til rette for barn og unge si læring og utvikling. Rett kompetanse er avgjerande for kvalitet i skulane.

3.2.5 Føresetnader barnehage

3.2.5.1 Kommunale barnehagar med fleire avdelingar.

Kommunen eig og driv våren 2021 11 barnehagar. Kommunen har overkapasitet på plassar og alle som søker får plass. Barn har rett til ein barnehageplass, men retten gjeld ikkje knytt til bygder eller kringsgrenser slik som er tilfelle i skule. Ved å leggja ned små barnehagar og investera i større bygg kan kommunen redusera ledige plasser der det er overkapasitet. Nokre må kjøra litt lengre for å få levera barna i barnehagen, men spørsmålet er om Bein betre kvalitet i bygg, meir leiker og utstyr og matserving kanskje ville kompensera litt for dette?

3.2.5.2 Private og kommunale barnehageplassar

Dei private barnehagane får overført drift- og kapitaltilskot frå kommunen. Driftstilskotet er avhengig av kommunen si eiga drift. Dersom kommunen har ei normal effektiv drift, får dei private barnehagane overført kommunen si overføring frå staten. Viss kommunen har ei dyr drift, slik tilfellet som oftast er med dei små barnehagane, må kommunen overføra til dei private tilsvarande den kommunale drifta. Når dei private då driv dei store barnehagane og kommunen dei små, er dette ei organisering som gjer det attraktivt økonomisk å driva privat barnehage i kommunen vår. I motsetnad til skule kan private eigarar av barnehage ta ut overskot privat.

3.2.5.3 Tilgjengelege barnehageplasser

Fødselstalet har som før vist gått ned og trongen for barnehageplassar er ikkje så høgt som det har vore. I Kvinnherad er det mest 1000 plassar tilgjengeleg. Trongen for plassar per i dag er på om lag 700 og talet vil gå nedover. Det vil seia at me må ta ned minst 300 plassar. Dersom dei private barnehagane har inntak etter den kapasiteten dei har godkjenning for, bør det vera kommunen som tek ned alle dei 300 barnehageplassane.

3.2.5.4 Kvalitet i barnehagetilbodet

Kvaliteten i barnehagetilbodet vert først og fremst målt i kor stor grad føresette er nøgde med tilbodet. For å oppnå god kvalitet må barnehagen ha eit godt og tett samarbeid med foreldra. For dei handlar kvalitet i barnehagen om eit godt leikemiljø, der barndommen sin eigenverdi vert vektlagt slik at leik, omsorg og læring er sett høgt. Kjenneteikn på barnehagar med god kvalitet er høg kompetanse med felles mål og retning for det pedagogiske arbeide. Kommunen, som barnehagemynde, har også ansvar for å driva tilsyn med barnehagane, både dei kommunale og dei private. Kvinnherad kommune opplever å ha eit godt samarbeid med dei private barnehagane og opplever dei som seriøse og gode barnehageeigarar.

3.2.6 Økonomiske føresetnader

3.1.6.1 Økonomiske føresetnader for investeringskostnad

Tiltak i utgreiinga tek utgangspunkt i slike følgjande økonomiske føresetnader:

- | | |
|---|------------------------------|
| • Nybygg / tilbygg skulebygg pr. m ² BTA | Kr. 42 000 inkl. mva. |
| • Idrettsareal nybygg (fellesareal) | Kr. 34 000 inkl. mva. |
| • Rehabilitering pr. m ² BTA Kr. | Kr. 25 000 inkl. mva |
| • Barnehage pr. m ² | Kr. 40 000 inkl. mva |

3.1.6.2 Nybygg/tilbygg

Det er valt å nytta prosjektkostnadar **kr. 42 000 pr. m² BTA skule** og **kr. 34 000 pr. m² BTA idrettsareal** - som inkl. infrastruktur og grunnarbeid.

I kalkylen er det medrekna dei kostnadskomponent som ligg inne i standard kontoplan for byggjeprojekt:

- rigg og drift
- bygning
- vvs
- elektro sterkstraum
- elektro svakstraum
- andre installasjonar (heis)
- utomhusarbeider
- generelle kostnader (honorar, gebyr mm)
- mva

Det er **ikkje medrekna marginar og reserver, inventar og kostnader til tomtekjøp**. Marginar og reserver er heller ikkje med i kostnadstala frå tilstandsvurderingane. Difor er heller ikkje eventuelle sal av eigedomar synleggjort som inntekt. For nye skular på ny frittståande tomt, bør det og øyremerkast midlar til uteområdet.

Prosjektkostnad pr. m² er eit overslagstal, bygd på erfaringar frå andre byggjeprojekt, og på budsjettering av skulebyggprosjekt i andre kommunar. For å ta høgde for prisstigning og upårekna kostnader bør det leggjast til ein margin.

3.2.7 Idrettshall

I Rosendal må det etablerast eigen idrettshall i samband med etableringa av oppvekstsenteret her. Syner her til investeringsbudsjett og økonomiplan. Denne hallen bør realiserast i samband med gjennomføring av tiltaka i planarbeidet om oppvekstkår. Under her er det lagt inn i kostnadsestimat for to alternative storleikar for idrettshall.

Estimert investeringskostnad er inkl. mva. og ekskl. spelemidlar.

| | Type tiltak (m2) | | Anslått investeringskostnad (NOK) |
|-----------------------|------------------|------------------|-----------------------------------|
| | Nybygg | Nybygg | INVESTERINGS-KOSTNAD |
| Volleyballhall | | | |
| Volleyballhall | 1 200 | 40,8 mill | 40,8 mill |
| sum | 1 200 | 40,8 mill | 40,8 mill |

| | Type tiltak (m2) | | Anslått investeringskostnad (NOK) |
|---------------------|------------------|------------------|-----------------------------------|
| | Nybygg | Nybygg | INVESTERINGS-KOSTNAD |
| Håndballhall | | | |
| Håndballhall | 2 250 | 76,5 mill | 76,5 mill |
| sum | 2 250 | 76,5 mill | 76,5 mill |

3.3 Skuleskyss

Retten til gratis skuleskyss i høve reiseavstand for elevar i grunnskulen:

- 1. årssteg – meir enn 2 km
- 2. – 10. årssteg – meir enn 4 km.

Elevar med farleg eller vanskeleg skuleveg, har rett til gratis skyss uavhengig av avstand til skulen. Her vert det lagt til grunn risikovurderingar i høve trafikutfordringane på vegen. Farleg skuleveg er ikkje drøfta i dette dokumentet, men er å finne i Kommunedelplan Trafikksikring 2021 – 2028, som per dags dato er på høyring. Denne planen har frå side 8 ei god oversikt over situasjonen i Kvinnherad med omsyn til særleg farleg eller vanskeleg skuleveg. Kvinnherad kommune har per i dag fleire strekningar og punkt som gjev rett til særskild skuleskyss. Det er verd å nemne at nokon strekningar som vert rekna som farlege eller vanskeleg ikkje er teke med i denne oversikta då elevane grunna avstand har rett til ordinær skuleskyss, og dermed ikkje har vedtak om særskild rett.

Skuleskyssen må organiserast slik at elevane får ei akseptabel reisetid. Det er opp til kommunane å vurdere om reisetida er akseptabel.

Rett til skuleskyss er heimla i opplæringslova (op.l) §7-1 som lyder:

«Elevar i 2. – 10.klasse som bur meir enn fire kilometer frå skulen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. klasse er skyssgrense to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett på gratis skyss utan omsyn til veglengda.»

Fylkeskommunen har hovudansvar for organisering og finansiering av skyss for skuleelevar. Dette er heimla i opplæringslova §13-4, som m.a. lyder:

«Kommunen er ansvarleg for skyss av grunnskoleelevar som har rett til skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg,[...] Elles er fylkeskommunen ansvarleg for skyss,[...] Kommunane betaler refusjon etter persontakst for grunnskoleelevar.»

Det er også sett opp grenser for kva gangavstand elevar kan ha til offentleg skyssmiddel. I merknader frå Ot.prp. nr 46 (1997/1998) til §7-1 i opplæringslova vart det gitt følgjande føringar:

«Elevar i 1. klasse som har meir enn 1 km gangavstand til offentleg skyssmiddel kan søkje om særskild skyss på denne strekninga. På same måte kan elevar i 2. – 10. klasse som har meir enn 2 km gangavstand til offentleg skyssmiddel søkje om særskild skyss på denne strekninga.»

Eit viktig moment når det gjeld skuleskyss/reisetid er at skulevegen og skyssen må vere trygg, og helst ikkje overstige dei nasjonale retningslinjene for tilråd maksimal reisetid. Desse retningslinjene seier at skulebarn på 1.-4. årssteg ikkje bør ha ei reisetid på over 45 min. ein veg, 5.-7.årssteg ikkje meir enn 60 min ein veg, medan ungdomssteget ikkje bør ha over 75 min. ein veg. Reisetid er i denne samanhengen definert som tida frå eleven går frå heimen og fram til undervisninga startar. Det bør heller ikkje vere for lang ventetid mellom ankomst og skulestart, og skuleslutt og avreise, då dette er tid som ofte genererer uro, samt at reisetida vil opplevast som lengre for eleven.

Reglar for skuleskyss gjev ei nedre grense for fri skuleskyss på 2 km for elevar på første årssteg, og 4 km for elevar i 2. -10. årssteg. Elevar med særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda (Opplæringslova §7-1). For elevar i dei minste grendene lengst frå sentrum, vil auka sentralisering gje grunnlag for føresette om å søkje om særskild skyss, jf. rettleiande normer for kor omfattande reisetid elevane bør ha. Dersom føresette gjer det, vil elevane si reisetid i alle delar av reisa ligge innanfor rettleiande normer.

Skuleskyss har eit sosialt og psykologisk aspekt. Lang reisetid kan virke negativt på konsentrasjonen og læringa til elevane. Forsking visar at elevar som får mykje lengre skuleveg/reisetid trivst dårlegare i skulekvardagen enn elevane som berre får noko lengre skuleveg/reisetid. På den andre sida viser forskning og at eldre elevar taklar lengre skuleveg betre enn yngre elevar (Amundsveen og Øines 2003).

Reisetid/lengda på skulevegen og elevane sin alder bør takast omsyn til i ei eventuell endring av skulestrukturen. Det bør og vurderast om skuleskyssen kan organiserast på ein annan måte for dei elevane som får lang skuleveg (t.d. ekspressbuss, direktskyss etc.).

Kvinnherad er ein kommune med relativt lange avstandar som ein lyt taka omsyn til når ein skal vurdere kringsgrenser. Td er Åkra skule ikkje vurdert nedlagt nettopp på grunn av lang reistid og farleg skuleveg.

Ved ei eventuell endring av skulekringsgrenser vil nokre av elevane med rett til skyss grunna farleg skuleveg gå over til ordinær skuleskyss grunna tal kilometer til skule. Ei endring av kringsgrenser, som føreslege i konsept 1 og 2 under, vil føre til monaleg fleire elevar med rett til ordinær skuleskyss.

Under kvart konseptforslag finn ein tabell som syner dei skulane som har elevar med lengst reiseveg i dag og dei skulane/elevane som får lengst reiseveg med endring i kringsgrenser. Desse er laga med utgangspunkt i dagens elevgrunnlag. Det er ikkje teke omsyn til elevar som per i dag har vald å søkje seg ut av eigen skulekrins for å gå på anna skule. Det går ikkje fram av tabellane kor mange elevar det gjeld. Dette er å finne i tabellar frå side 8 og utover i Kommunedelplan Trafikksikring 2021 – 2028.
















Ruteheftet er nytta som dokumentasjon på reisetid.

Auka kostnadar med omsyn til ordinær skuleskyss i dei ulike konseptane er utreda i tabell på side 51 i dette dokumentet.

4.2 Strukturkonsept 0 –vidareføring av dagens situasjon (samanlikningsalternativet)

4.2.1 Strukturelle konsekvensar - hovudgrep og oppsummering

Konsept 0

| | | |
|---|---|---|
|  Halsnøy skule 1-7 148 elevar |  Undarheim skule 1-7 182 elevar |  Rosendal ungdomsskule 8-10 154 elevar |
|  Bringedalsbygda skule 1-7 47 elevar |  Åkra skule 1-7 9 elevar |  Husnes ungdomsskule 8-10 230 elevar |
|  Valen skule 1-7 94 elevar |  Uskedalen skule 1-7 67 elevar |  Øyatun skule 8-10 73 elevar |
|  Skarveland skule 1-7 40 elevar |  Malmanger skule 1-7 99 elevar |  Hatlestrand skule 1-10 51 elevar |
|  Sunde skule 1-7 97 elevar |  Mauranger skule 1-7 11 elevar |  Omvikdalen skule 1-7 90 elevar |

4.2.2 Samandrag konsept 0

Dette konseptet gjev inga endringar med omsyn til skulebygg, kringsgrenser og skuleskyss. Dersom ein skal nå ambisjonane i Oppvekstkår temaplan og handlingdel vil ein måtte auke ressursane monaleg. Det er også vurdert at det ikkje vert tilrådd å innføra heildagskule ved vidareføring av konsept 0.



| Konsept 0 - Videreføring av dagens situasjon | Dimensjonerande elevtal - skuleåret 2024/25 | Anslått investeringskostnad (NOK) | | | | |
|--|---|-----------------------------------|------------------|------------------|-----------------------|---------------------|
| | | Riving/sanering | Ombygging | Nybygg | Vedlikehaldsetterslep | Investeringskostnad |
| Halsnøy skule 1-7 | 150 | - | - | - | - | - |
| Øyatun ungdomsskule | 75 | - | 10,0 mill | - | 22,0 mill | 32,0 mill |
| Bringedalsbygda skule | 50 | - | 8,0 mill | - | 14,6 mill | 22,6 mill |
| Valen skule | 100 | 0,5 mill | - | 18,0 mill | 25,5 mill | 44,0 mill |
| Skarveland skule | 40 | - | 2,0 mill | - | 12,3 mill | 14,3 mill |
| Sunde skule | 100 | 0,5 mill | - | 18,0 mill | 18,6 mill | 37,1 mill |
| Undarheim skule | 185 | 0,6 mill | 30,0 mill | 26,0 mill | 30,0 mill | 86,6 mill |
| Husnes ungdomsskule | 230 | - | - | - | 11,6 mill | 11,6 mill |
| Åkra skule | 10 | - | - | - | 6,8 mill | 6,8 mill |
| Uskedalen skule | 70 | - | 6,0 mill | - | 11,6 mill | 17,6 mill |
| Malmanger skule | 100 | - | - | - | 9,6 mill | 9,6 mill |
| Mauranger skule | 15 | - | 2,0 mill | - | 10,9 mill | 12,9 mill |
| Omvikdalen skule | 90 | - | 10,0 mill | 28,0 mill | 5,7 mill | 43,7 mill |
| Rosendal ungdomsskule | 160 | - | - | - | 3,8 mill | 3,8 mill |
| Hatlestrand skule | 55 | - | - | - | 20,0 mill | 20,0 mill |
| Sum | 1 430 | 1,6 mill | 68,0 mill | 90,0 mill | 203,0 mill | 362,5 mill |

Det er vurdert eit samla investeringsbehov på kr. 363 millionar for vidareføring av dagens situasjon.

Brorparten av kostnaden er oppfølging av vedlikehaldsetterslep.

Bygga vil ha like stort areal som no og utgifter til straum og reinhald vil bli vidareført.

Bygga vil vera like lite eigna til forventa og moderne skuledrift. Dette gjeld også heildagsskule.

4.1.5 Skuleskyss

Kilometer målt frå den eleven som bur lengst vekke frå skulen per i dag


| Klassetrinn | Frå | Til | Reisetid - omlag | Km – om lag |
|------------------|-------------|-------------------|------------------------------------|---------------|
| 1. til 7. trinn | Fjelberg | Halsnøy skule | 47 min | 35 km + ferje |
| | Matre | Omvikdalen skule | 30 min | 21 km |
| | Varaldsøy | Hatlestrand Skule | 40 min | 10 km + ferje |
| 8. til 10. trinn | Åkra | Rosendal U skule | 55 min | 41 km |
| | Mauranger | Rosendal U Skule | 50 min frå haldeplass ved tunnelen | 31 km |
| | Fjelberg | Øyatun skule | 40 min | 30 km |
| | Matre | Rosendal U skule | 40 min | 26 km |
| | Holmedal | Husnes U skule | 40 min frå Utåker ferjekai | 21 km |
| | Lygrepollen | Hatlestrand skule | 40 min | 22 km |
| | Varaldsøy | Hatlestrand Skule | 40 min | 10 km + ferje |

| Skule | TILTAK |
|-----------------------|---|
| Halsnøy skule | Ingen behov Ikkje utført tilstandskartlegging pga, nybygg. |
| Øyatun skule 8-10 | Noko ombygging for å sikra betre funksjonalitet og vedlikehaldsetterslep Tilstandskartlegging Øyatun skule |
| Bringedalsbygda skule | Uteområde i tillegg til innvendige tiltak (ombygging / oppussing). Vedlikehaldsetterslep. Tilstandskartlegging Bringedalsbygda skule og barnehage |
| Valen skule | Riving av den eldste bygg-massen. Tilbygg og ombygging. Personalfunksjonar som lærararbeidsplass, personalgarderobar, mv. Tilstandskartlegging Valen skule |
| Skarveland skule | Noko ombygging og vedlikehaldsetterslep Tilstandskartlegging Skarveland skule |
| Sunde skule | Riving og tilbygg. Oppfølging av vedlikehaldsetterslep. Tilstandskartlegging Sunde skule |
| Undarheim skule | Utfasing av brakker. Vedlikehaldsetterslep Tilstandskartlegging Undarheim skule |
| Husnes ungdomsskule | Vedlikehaldsetterslep Tilstandskartlegging Husnes ungdomsskule |
| Åkra skule | Vedlikehaldsetterslep Tilstandskartlegging Åkra skule og barnehage |
| Uskedalen skule | Ombygging (elevgarderobar/WC). Vedlikehaldsetterslep Tilstandskartlegging Uskedalen skule og barnehage |
| Malmanger skule | Vedlikehaldsetterslep Tilstandskartlegging Malmanger skule |
| Mauranger skule | Noko ombygging for å sikra betre personalfunksjonar Tilstandskartlegging Mauranger skule og barnehage |
| Omvikdalen skule | Tilbygg og ombygging for å sikra universell utforming og betre høve til lærararbeidsplassar / personalfunksjonar. Vedlikehaldsetterslep. Tilstandskartlegging Omvikdalen skule |
| Rosendal ungdomsskule | Vedlikehaldsetterslep Ikkje utført kartlegging pga nybygg |
| Hatlestrand skule | Oppfølging av pågåande vedlikehald og vedlikehaldsetterslep Tilstandskartlegging Hatlestrand skule |

4.2 Strukturkonsept 1 – Tre utvida oppvekstsentra med auka funksjonalitet

4.2.1 Strukturelle konsekvensar - hovudgrep og oppsummering

Konsept 1



4.2.2 Samandrag konsept 1

Dette konseptet inneber ei samanslåing av skular og endra kringsgrenser. Sjå nye kringsgrenser side 32. Tal på elevar som vil trenge skuleskyss vil auke noko. Elevar med lengst skyss vil få ei reisetid på 50 minutt. Konseptet inneber investering i nye anlegg som er meir tilrettelagde og funksjonelle, og som samstundes vil gjera det mogleg å innføra heildagsskule etter kvart som anlegga står klare. Konseptet heildagsskule kan prøvast ut som pilotprosjekt.

Konseptet vil medføre endring for ein del tilsette med omsyn til arbeidsstad, men vil gje dei betre arbeidstilhøve. Det vil krevje god prosess og ivaretaking av alle dei involverte; tilsette, føresette og elevar. Dette konseptet vil føra til at nokre bygder vert utan skule. I dette alternativet må Kvinnherad kommune samarbeida med bygdene om å avhende skulebygg og bidra til bygdeutvikling saman med bygdelaga. Gjennomføringa av dette konseptet er føreslege å gå over 7 år.



| Konsept 1 - Tre oppvekstsenter og barneskule på Halsnøy | Dimensjonerande elevtal - skuleåret 2024/25 | Anslått investeringskostnad (NOK) | | | |
|---|---|-----------------------------------|-------------------|-----------------------|---------------------|
| | | Ombygging | Nybygg | Vedlikehaldsetterslep | Investeringskostnad |
| Halsnøy skule 1-7 (barneskule) | 150 | - | - | - | - |
| Øyatun skule 8-10 | - | - | - | - | - |
| Bringedalsbygda skule | - | - | - | - | - |
| Valen skule | - | - | - | - | - |
| Skarveland skule | - | - | - | - | - |
| Sunde skule | - | - | - | - | - |
| Ny barneskule på Husnes (Undarheim, Valen, Sunde, Skarveland og Bringedalsbygda) | 475 | - | 211,6 mill | - | 218,1 mill |
| Husnes ungdomsskule inkl. Øyatun ungdomsskule | 305 | 12,0 mill | 74,8 mill | 11,6 mill | 98,4 mill |
| Åkra skule | 10 | - | - | 6,8 mill | 6,8 mill |
| Uskedalen skule | - | - | - | - | - |
| Barneskule i Rosendal (Malmanger, Mauranger, Omvikedalen og Uskedalen) | 275 | 20,0 mill | 56,2 mill | 9,6 mill | 85,9 mill |
| Mauranger skule | - | - | - | - | - |
| Omvikdalen skule | - | - | - | - | - |
| Rosendal ungdomsskule | 160 | - | - | 3,8 mill | 3,8 mill |
| Hatlestrand skule | 55 | 30,0 mill | - | 7,5 mill | 37,5 mill |
| Sum | 1 430 | 62,0 mill | 342,6 mill | 39,3 mill | 450,4 mill |

Tabellen syner investeringskostnader for dei ulike anlegga ved konsept 1. Dimensjonering tek utgangspunkt i elevalet for skuleåret 2024/25, og syner eventuelle kostandar til vedlikehaldsetterslep, investering eller nybygg. Det vurdert eit samla investeringsbehov på kr. 450 mill. i konsept 1. Ny barneskule på Husnes utgjer nær halvparten av denne kostnaden.


4.2.5 Skuleskyss


Kilometer målt frå den eleven som bur lengst vekk frå skulen per i dag. Grøn syner endringar frå dagens løysing

| Klassetrinn | Frå | Til | Reisetid - omlag | Km - omlag |
|------------------|---------------------|------------------------|-----------------------------------|---------------|
| 1. til 7. trinn | Fjelberg | Halsnøy Skule | 47 min | 35 km + ferje |
| | Mauranger | Ny barneskule Rosendal | 40 min haldeplass ved tunnell * | 31 km |
| | Matre | Ny barneskule Rosendal | 40 min | 26 km |
| | Holmedal | Ny barneskule Husnes | 40 min – Utåker ferjekai | 21 km |
| | Uskedalen (Friheim) | Ny barneskule Rosendal | 35 min | 21 km |
| | Varaldsøy | Hatlestrand Skule | 40 min | 10 km + ferje |
| 8. til 10. trinn | Åkra | Rosendal U skule | 55 min | 41 km |
| | Matre | Rosendal U skule | 40 min | 25,6 km |
| | Holmedal | Husnes U skule | 40 min - Utåker ferjekai | 20,5 km |
| | Lygrepollen | Hatlestrand skule | 40 min | 22 km |
| | Varaldsøy | Hatlestrand Skule | 40 min | 10 km + ferje |
| | Fjelberg | Husnes U Skule | 50 min | 37 km + ferje |
| | Mauranger | Rosendal U Skule | 40 min - haldeplass ved tunnell * | 31 km |

*denne bussturen vert 10 min kortare i konsept 1 då elevane då ein slepp 10 min venting i buss ved Mauranger Skule


| SKULE | TILTAK |
|---|---|
| Halsnøy skule | Heildagsskule kan vurderast |
| Øyatun skule 8-10 | Nytta tomta til andre føremål/tenester/bustadutvikling |
| Bringedalsbygda skule | Avhendast. |
| Valen skule | Avhendast. Møteplass for bygda eller anna |
| Skarveland skule | Avhendast. Møteplass for bygda eller anna |
| Sunde skule | Avhendast. Møteplass for bygda eller anna |
| Undarheim skule | Avhendast. Nytt tomta til andre tenester |
| Ny barneskule ved idrettshallen på Husnes | Nybygg for fem skulekrinsar. Heildagsskule kan vurderast |
| Husnes ungdomsskule | Tilbygg og ombygging. Vedlikehaldsetterslep |
| Åkra skule | Vedlikehaldsetterslep |
| Uskedalen skule | Barnehageføremål eller anna |
| Malmanger skule | Tilbygg og ombygging for å gjera plass til fleire elevar. Vedlikehaldsetterslep. Heildagsskule kan vurderast |
| Mauranger skule | Avhendast. Møteplass for bygda eller anna |
| Omvikedal skule | Barnehageføremål eller anna |
| Rosendal ungdomsskule | Vedlikehaldsetterslep |
| Hatlestrand skule | Ombygging til eitt oppvekstsenterløysing for skule og barnehage. Heildagsskule kan vurderast som pilotprosjekt. Vedlikehaldsetterslep er justert i høve ombyggingsnivå. |





4.3.1 Strukturelle konsekvensar - hovudgrep og oppsummering

Konsept 2



4.3.2 Samandrag konsept 2

Dette alternativet inneber ei samanslåing av skular og endra kringsgrenser. Ny barneskule på Husnes har i dette alternativet færre elevar, då det er føreslege å slå saman Valen og Skarveland skular.

Tal elevar som vil trenge skuleskyss vil, også i dette alternativet, auke. Elevar med lengst skyss vil få ei reisetid på 50 minutt.

Konseptet innebere investering i nye anlegg som er meir tilrettelagde og funksjonelle som samstundes vil gje moglegheit for innføring av heildagsskule etter kvart som anlegga står klare. Det er i tillegg til nye anlegg vurdert ombygging/påbygging/nybygg på Valen skule. Konseptet heildagsskule vil også i dette alternativet kunne prøvast ut som pilotprosjekt ved Hatlestrand skule.

Alternativet vil medføra endring for ein del tilsette med omsyn til arbeidsstad, men vil gje dei betre arbeidsforhold. Det vil krevje god prosess og ivaretaking av alle involverte; tilsette, føresette og elevar.

Konsept 2 vil også føra til at ein del bygder i kommunen vert utan skule. Dette konseptet vil føre til at Kvinnherad kommune må samarbeida med bygdene om å avhende skulebygg og bidra til bygdeutvikling saman med bygdelaga. Gjennomføringa av dette konseptet er føreslege å gå over 8 år.

4.3.3 Korleis bidreg Konsept 2 til å løysa utfordringane kommunen står ovanfor?



| Konsept 2 - Frå 15 til 8 grunnskular | Dimensjonerande elevtal - skuleåret 2024/25 | Anslått investeringskostnad (NOK) | | | | |
|--|---|-----------------------------------|------------------|-------------------|-----------------------|---------------------|
| | | Riving/sanering | Ombygging | Nybygg | Vedlikeholdsetterslep | Investeringskostnad |
| Halsnøy skule 1-7 | 150 | - | - | - | - | - |
| Øyatun ungdomsskule | - | - | - | - | - | - |
| Bringedalsbygda skule | - | - | - | - | - | - |
| Valen skule inkl. Skarveland | 140 | - | 10,0 mill | 18,2 mill | 25,5 mill | 53,8 mill |
| Skarveland skule | - | - | - | - | - | - |
| Sunde skule | - | - | - | - | - | - |
| Ny barneskule på Husnes (Undarheim, Sunde og Bringedalsbygda) | 335 | 6,5 mill | - | 170,8 mill | - | 177,3 mill |
| Husnes ungdomsskule inkl. Øyatun | 305 | - | 12,0 mill | 74,8 mill | 11,6 mill | 98,4 mill |
| Åkra skule | 10 | - | - | - | 6,8 mill | 6,8 mill |
| Uskedalen skule | - | - | - | - | - | - |
| Barneskule i Rosendal (Malmanger, Mauranger, Omvikedalen og Uskedalen) | 275 | - | 20,0 mill | 56,2 mill | 9,6 mill | 85,9 mill |
| Mauranger skule til evt. Odda barneskule (gjeld og ungdomssteget) | - | - | - | - | - | - |
| Omvikdalen skule | - | - | - | - | - | - |
| Rosendal ungdomsskule | 160 | - | - | - | 3,8 mill | 3,8 mill |
| Hatlestrand skule | 55 | - | 30,0 mill | - | 7,5 mill | 37,5 mill |
| Sum | 1 430 | 6,5 mill | 72,0 mill | 320,1 mill | 64,8 mill | 463,4 mill |

Tabellen syner investeringskostnader for dei ulike anlegga ved konsept 1. Dimensjonering tek utgangspunkt i elevtalet for skuleåret 2024/25 og syner eventuelle kostandar til vedlikeholdsetterslep, investering eller nybygg. Samla investeringskostnad er vurdert til kr. 463 mill. Ny barneskule på Husnes vert det tiltaket som har størst investeringsbehov.


4.3.5 Skuleskyss


Kilometer målt frå den eleven som bur lengst vekk frå skulen per i dag
Grønt syner endringar får dagens løysing

| Klassetrinn | Frå | Til | Reisetid - omlag | Km – om lag |
|------------------|---------------------|------------------------|----------------------------------|---------------|
| 1. til 7. trinn | Fjelberg | Halsnøy skule | 47 min | 35 + ferje |
| | Varaldsøy | Hatlestrand skule | 40 min | 10 km + ferje |
| | Mauranger | Ny barneskule Rosendal | 40 min haldeplass ved tunnell * | 31 km |
| | Matre | Ny barneskule Rosendal | 40 min | 26 km |
| | Uskedalen (Friheim) | Ny barneskule Rosendal | 35 min | 21 km |
| | Holmedal | Valen Skule | 25 min | 12 km |
| 8. til 10. trinn | Åkra | Rosendal U skule | 55 min | 41 km |
| | Mauranger | Rosendal U Skule | 40 min haldeplass ved tunnellen* | 31 km |
| | Varaldsøy | Hatlestrand skule | 40 min | 10 km + ferje |
| | Matre | Rosendal U skule | 40 min | 26 km |
| | Holmedal | Husnes U skule | 40 min - Utåker ferjekai | 21 km |
| | Fjelberg | Husnes U skule | 50 min | 37 km + ferje |

*denne bussturen vert 10 min kortare i konsept 1 då elevane slepp 10 min venting i buss ved Mauranger Skule


| SKULE | TILTAK |
|------------------------------|--|
| Halsnøy skule | Kan vurderer heildagsskule pilot |
| Øyatun skule 8-10 | Avhendast. Nyttast til næring/bustadutvikling |
| Bringedalsbygda skule | Avhendast. Møteplass for bygda |
| Valen skule inkl. Skarveland | Tilbygg og ombygging. Vedlikehaldsetterslep. Heildagsskule kan vurderast |
| Skarveland skule | Avhendast. Møteplass for bygda eller anna |
| Sunde skule | Avhendast. Møteplass for bygda eller anna |
| Undarheim skule | Avhendast. Nytta tomta til anna kommunal drift. |
| Ny barneskule på Husnes | Nybygg for tre skulekrinsar. Heildagsskule kan vurderast. |
| Husnes ungdomsskule | Tilbygg og ombygging. Vedlikehaldsetterslep Ungdomsklubb |
| Åkra skule | Vedlikehaldsetterslep |
| Uskedalen skule | Avhendast eller barnehageføremål eller anna |
| Malmanger skule | Tilbygg og ombygging for å gjere plass til fleire elevar. Vedlikehaldsetterslep. Heildagsskule kan vurderast |
| Mauranger skule | Avhendast. Møteplass for bygda eller anna |
| Omvikdal skule | Avhendast. Barnehageføremål eller anna |
| Rosendal ungdomsskule | Vedlikehaldsetterslep. Ungdomsklubb |
| Hatlestrand skule | Ombygging til eitt oppvekstsenterløyising for skule og barnehage. Heildagsskule kan vurderast som pilotprosjekt. Vedlikehaldsetterslep er justert i høve ombyggingsnivå. |





5.1 Konsept 0 – Vidareføring av dagens situasjon

5.1.1 Strukturelle konsekvensar




Tabellen over syner totalt tal barn per i dag.

5.1.2 Samandrag konsept 0

Dette konseptet vil ikkje føra til endringar med omsyn til struktur for dei kommunale barnehagane. Med denne løysinga vil det framleis vera 16 barnehagar. Dei kommunale barnehagane vil framleis vera lite tilrettelagde bygg sjølv om ein utbetrar vedlikehaldsetterslepet. Det vil også seia at alle barnehagane, også dei private, etter kvart vil få eit dårlegare driftsgrunnlag grunna reduksjon i barnetal. Per i dag har Kvinnherad kommune vel 300 plasser i overkapasitet fordelt på alle barnehagane.

| Konsept 0 - Videreføring av dagens situasjon | Dimensjonering iht prognose | Anslått investeringskostnad (NOK) | | | | |
|---|-----------------------------|-----------------------------------|------------------|------------------|------------------------|---------------------|
| | | Riving/sanering | Ombygging | Nybygg | Vedlikeholdssetterslep | Investeringskostnad |
| Bringedalsbygda Barnehage | 38 | - | 4,0 mill | 8,0 mill | 3,0 mill | 15,0 mill |
| Mauranger Barnehage | 24 | - | - | - | - | - |
| Myrane Barnehage | 112 | - | - | 4,0 mill | 2,8 mill | 6,8 mill |
| Nordsido Oppvekstområde Hatlestrand Barnehage | 24 | - | - | 4,0 mill | - | 4,0 mill |
| Nordsido Oppvekstområde Varaldsøy Barnehage | 18 | - | - | - | - | - |
| Nordsido Oppvekstområde Ølve Barnehage | 18 | - | - | - | - | - |
| Omvikdalen Barnehage | 60 | - | 3,0 mill | - | 2,4 mill | 5,4 mill |
| Sunde Barnehage | 72 | - | 8,0 mill | 8,0 mill | 4,1 mill | 20,1 mill |
| Undarheim Barnehage | 96 | - | 8,0 mill | - | 6,0 mill | 14,0 mill |
| Uskedalen Barnehage | 51 | - | - | 4,0 mill | 3,0 mill | 7,0 mill |
| Åkra Barnehage | 16 | - | - | - | 1,0 mill | 1,0 mill |
| Privat barnehagekapasitet | 461 | | | | | |
| Sum | 990 | - | 23,0 mill | 28,0 mill | 22,3 mill | 73,3 mill |

Det er vurdert eit samla investeringsbehov på kr. 73 millionar for vidareføring av dagens situasjon. Kostnaden er fordelt på ombygging og tilbygg, samt oppfølging av vedlikeholdsetterslep. Bygga vil då vera like store som dei er nå og utgifter til straum og reinhald vil bli vidareført.



| BARNEHAGE | TILTAK |
|---------------------------|---|
| Bringedalsbygda Barnehage | Vedlikehold og oppgradering av uteområdet av bygningsmasse og uteområdet. Trenge arbeidsrom og garderober til personalet, og grupperom til barna. Tilstandskartlegging Bringedalsbygda skule og barnehage |
| Hauge Barnehage | Avhendas. Møteplass i bygda eller anna Tilstandskartlegging Hauge skule og barnehage |
| Mauranger Barnehage | Trenge fleire søknadar for å oppretthalde drifta. Tilstandskartlegging Mauranger skule og barnehage |
| Myrane Barnehage | Vedlikeholdsetterslep. Trenge arbeidsrom, garderober til personale, grupperom til barna. Tilstandskartlegging Myrane barnehage |
| Nordsido Oppvekstområde | |
| Hatlestrand Barnehage | Tilstandskartlegging Hatlestrand barnehage |
| Varaldsøy Barnehage | Tilstandskartlegging Trå skule og barnehage Varaldsøy |
| Ølve Barnehage | Tilstandskartlegging Ølve barnehage |
| Omvikdalen Barnehage | Vedlikeholdsetterslep på bygg. Tilstandskartlegging Omvikdalen barnehage |
| Sunde Barnehage | Vedlikeholdsetterslep. Trenge arbeidsrom, garderober til personale, grupperom til barna. Tilstandskartlegging Sunde barnehage |
| Undarheim Barnehage | Store vedlikeholdsetterslep. Trenge arbeidsrom, garderober til personale, grupperom til barna. Tilstandskartlegging Undarheim barnehage |
| Uskedalen Barnehage | Arbeidsrom til personale, eige pauserom, grupperom til barna. Tilstandskartlegging Uskedalen skule og barnehage |
| Åkra Barnehage | Ingen behov. Tilstandskartlegging Åkra skule og barnehage |

5.2.1 Strukturelle konsekvensar

Konsept 1



5.2.2 Samandrag konsept 1

Dette konseptet vil føra til samanslåing av eksisterande kommunale barnehagar. Det er teke med i vurderinga kvar i kommunen dei private barnehagane er, og at ein ynskjer å fortsatt ha eit godt samarbeid med desse. Dette alternativet vil gje barnehagane eit best mogeleg driftsgrunnlag ved at Kvinnherad kommune tek ned dei 300 plassane som ein totalt sett har i overkapasitet.

Det er teke omsyn til kommunen sin geografi når ein har vurdert konseptet. Det vil i dette konseptet vere moglegheit for å gå i dialog om oppstart av familiebarnehage i Åkra og på Varaldsøy, samt avtale om at barnehagebarn frå Mauranger kan søkja barnehageplass i Odda om ynskjeleg.

Konseptet vil føra til auke i transporttid for nokre foreldre.

Dette konseptet, sett saman med konsept 1 og 2 for skule, vil ytterlegare føre til at bygder i kommunen vert utan barnehage og skule. Dette konseptet også vil føre til at Kvinnherad kommune må samarbeide med bygdene om å avhende bygga og bidra til bygdeutvikling saman med bygdelaga.

I dette konseptforslaget vil det måtte vurderast om det er Uskedalen eller Omvikdalen som er det mest aktuelle alternativet.

| Konsept 1 - Fra 11 til 4 | Dimensjonering iht prognose | Anslått investeringskostnad (NOK) | | | | | Investeringskostnad |
|---|-----------------------------|-----------------------------------|------------------|------------------|-----------------------|------------------|---------------------|
| | | Riving/sanering | Ombygging | Nybygg | Vedlikehaldsetterslep | | |
| Bringedalsbygda Barnehage | - | - | - | - | - | - | - |
| Mauranger barnehage = Familiebarnehage | 5 | - | - | - | - | - | - |
| Myrane barnehage inkl. Undarheim og Sunde | 211 | - | - | 52,6 mill | 2,8 mill | 55,4 mill | |
| Hatlestrand barnehage inkl. Varaldsøy og Ølve | 24 | - | - | 8,0 mill | - | 8,0 mill | |
| Varaldsøy = Familiebarnehage | 5 | - | - | - | - | - | |
| Nordsido Oppvekstområde Ølve Barnehage | - | - | - | - | - | - | |
| Omvikdalen inkl. Uskedalen | - | - | - | - | - | - | |
| Sunde Barnehage | - | - | - | - | - | - | |
| Undarheim Barnehage | - | - | - | - | - | - | |
| Uskedalen / Omvikedal inkl. Bringedalsbygda | 120 | - | 20,0 mill | - | - | 20,0 mill | |
| Åkra = Familiebarnehage | 5 | - | - | - | - | - | |
| privat kapasitet | 461 | | | | | | |
| Sum | 831 | - | 20,0 mill | 60,6 mill | 2,8 mill | 83,4 mill | |

Tabellen syner investeringskostnader for dei ulike anlegga ved konsept 1. Dimensjonering tek utgangspunkt i barnetalet per i dag, og syner eventuelle kostnadar til vedlikehaldsetterslep, investering eller nybygg. I konsept 2 vert brorparten av investeringsmidlane nytta til modernisering og nybygg av dei kommunale barnehagane.

Det er vurdert eit samla investeringsbehov på kr. 83 mill. Nytt tilbygg ved Myrane barnehage er det største tiltaket. Elles utbyggingstiltak ved Hatlestrand og Uskedalen eller Omvikdal barnehage.



| BARNEHAGE | TILTAK |
|---------------------------|--|
| Bringedalsbygda Barnehage | Avhendast. Ligg i skulebygget og må sjåast i samanheng med det |
| Hauge Barnehage | Avhendast. Samlingsplass i bygda eller anna. |
| Mauranger Barnehage | Avhendast. Ligg i samebygg som skule og må sjåast i samanheng med det. |
| Myrane Barnehage | Byggas ut for å gi plass til barna i Undarheim og Sunde, og evt Bringedalsbygda. Få plass til kontorlokale/arbeidsrom og garderober til personalet. Få plass til kjøkken og fellesareal, og grupperom til barna. |
| Nordsido Oppvekstområde | Hatlestrand barnehage kan byggas ut for å gi plass til barna frå Varaldsøy og Ølve. |
| Hatlestrand Barnehage | Under utbygging av Hatlestrand barnehage skal barna på Varaldsøy bhg vera der til nybygget står klart. |
| Varaldsøy Barnehage | |
| Ølve Barnehage | |
| Omvikdalen Barnehage | Felles barnehagesenter i lag med Uskedalen og Bringedalsbygda. Plassering? |
| Sunde Barnehage | Avhendast. Nyttast til samlingsstad eller anna |
| Undarheim Barnehage | Avhendast/Nyttast til anna |
| Uskedalen Barnehage | Felles barnehagesenter i lag med Omvikdalen og Bringedalsbygda. Plassering? |
| Åkra Barnehage | Inga endring |

| | Barnehage | | Grunnskole | | |
|--|------------------|------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| | Konsept 0 | Konsept 1 | Konsept 0 | Konsept 1 | Konsept 2 |
| Investeringsbehov Langsiktig perspektiv | 73,3 mill | 83,4 mill | 362,5 mill | 450,4 mill | 463,4 mill |
| Lønnskostnad | 44,3 mill | 39,5 mill | 176,1 mill | 160,9 mill | 164,7 mill |
| Tilskott private barnehagar / skuleskyss grunnskule | 9,8 mill | 4,9 mill | 4,7 mill | 7,5 mill | 6,8 mill |
| Bygningsdrift FDV | 2,0 mill | 1,8 mill | 13,6 mill | 9,1 mill | 9,6 mill |
| Kapitalkostnad | 4,3 mill | 4,8 mill | 21,0 mill | 26,1 mill | 26,9 mill |
| SUM DRIFT | 60,4 mill | 51,0 mill | 215,4 mill | 203,6 mill | 208,0 mill |
| Innsparingspotensial | - | -9,4 mill | - | -11,8 mill | -7,4 mill |

- Tabellen viser driftsutgifter for dei ulike konseptane innan barnehage og skule per år. Utgangspunktet for utrekninga er dagens elev/barnetal og driftsnivå
- Siste linje viser innsparingspotensialet for dei ulike konseptane samanlikna med konsept 0 – ved full verknad (skulestart 2027)

7.1 Konsept 1

| Investeringsprogram K1 | | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 | 2029 |
|------------------------|---|--------------------------|------------------|-------------------|-------------------|--------------------------|-------------------|----------|----------|----------|
| | | Økonomiplanperiode 22-25 | | | | Økonomiplanperiode 26-29 | | | | |
| Grunnskule | Ny barneskule på Husnes (Undarheim, Valen, Sunde, Skarveland og Bringdalsbygda) | 2,0 mill | 35,0 mill | 82,0 mill | 99,0 mill | | | | | |
| | Husnes ungdomsskule inkl. Øyatun | 7,0 mill | | | | 45,7 mill | 45,7 mill | | | |
| | Åkra skule | | | | | - | | - | | |
| | Barneskule i Rosendal | | | | | 42,9 mill | 42,9 mill | | | |
| | Rosendal ungdomsskule | | | | | | 3,8 mill | | | |
| | Hatlestrand skule | 11,0 mill | 18,8 mill | 7,7 mill | | | | | | |
| | *Valen skule inkl. Skarveland | | | | | | | | | |
| Barnehage | Myrane barnehage inkl. Undarheim og Sunde | | 18,5 mill | 18,5 mill | 18,5 mill | | | | | |
| | Hatlestrand barnehage inkl. Varaldsøy og Ølve | 5,0 mill | 3,0 mill | | | | | | | |
| | Uskedalen / Omvikdal inkl. Bringdalsbugda | | | | | | 20,0 mill | | | |
| | Bringdalsbygda barnehage (riving) | | | | | | | - | | |
| SUM | | 25,0 mill | 75,2 mill | 108,2 mill | 117,5 mill | 88,6 mill | 112,4 mill | - | - | - |

- I konsept 1 vert det lagt til grunn å ferdigstille ut- og ombyggingsbehova ved Hatlestrand skule og Hatlestrand barnehage tidleg i perioden. Det vert difor nytta avsett investeringsmidlar til dette prosjektet inneverande år
- Vidare vert det starta planlegging og prosjektering av ny barneskule på Husnes inneverande år.
- For å overføre elevane frå Øyatun ungdomsskule til Husnes u, er det naudsynte å gjera tilpassingar. Det er trong for ei mindre investering inneverande år. Det vil bli gjort større investeringar og ombygging frå 2025
- Det er avsett kr 25 mill i investeringsbudsjettet 2021 til tiltak som akn gje inn sparingar i drift for oppvekstsektoren
- Ny barneskule i Rosendal er fasa inn i 2025 og 2026.
- Det er lagt til grunn at Myrane barnehage vert utbygt for å handtere borna frå Undarheim og Sunde
- Ny barnehage i Uskedalen eller Omvikdal er lagt inn i planen på noko lengre sikt. I dette konseptet er det tenkt at Bringdalsbygda barnehage er i drift til ny barnehage i Uskedalen/Omvikdalen står klar

| Investeringsprogram Konsept 2 Skole og Konsept 1 Barnehage | | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 | 2029 |
|--|---|--------------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|--------------------------|------------------|------------------|----------|
| | | Økonomiplanperiode 22-25 | | | | | Økonomiplanperiode 26-29 | | | |
| Grunnskule | Ny barneskule på Husnes (Undarheim, Valen, Sunde, Skarveland og Bringdalsbygda) | 2,0 mill | 59,1 mill | 59,1 mill | 57,1 mill | | | | | |
| | Husnes ungdomsskule inkl. Øyatun | 7,0 mill | | | | 45,2 mill | 46,2 mill | | | |
| | Åkra skule | | | | | | | 6,8 mill | | |
| | Barneskule i Rosendal | | | | | 42,9 mill | 42,9 mill | | | |
| | Rosendal ungdomsskule | | | | | | 3,8 mill | | | |
| | Hatlestrand skule | 11,0 mill | 18,8 mill | 7,7 mill | | | | | | |
| | *Valen skule inkl. Skarveland | | | | | | | 26,9 mill | 26,9 mill | |
| Barnehage | Myrane barnehage inkl. Undarheim og Sunde | | 18,5 mill | 18,5 mill | 18,5 mill | | | | | |
| | Hatlestrand barnehage inkl. Varaldsøy og Ølve | 5,0 mill | 3,0 mill | | | | | | | |
| | Uskedalen / Omvikdal inkl. Bringdalsbugda | | | | | | 20,0 mill | | | |
| | Bringdalsbygda barnehage (riving) | | | | | | | - | | |
| SUM | | 25,0 mill | 99,3 mill | 85,3 mill | 75,6 mill | 88,1 mill | 112,9 mill | 33,7 mill | 26,9 mill | - |

- I konsept 2 (grunnskule) er Valen skule inkl. Skarveland teken med som nytt tiltak / strukturløysing. Det er trong for ei noko mindre utbygging av ny barneskule på Husnes i dette konseptet
- Elles lik prioritering som i konsept 1 i kap. 7.1 over

[Lenkje til teiknefilm](#)

[Lenkje til kommunekart](#)

Kjelder

[Temaplan for oppvekstkår](#)

Lokal plan for skulekringsgrenser i Kvinnherad kommune

[Udir-2-12 Behandling av saker om skolenedleggelse og kretsgrenser](#)

[Barnekonvensjonen](#)

[FN sine berekraftsmål](#)

[Barnehagelov](#)

[Rammeplan for barnehagen](#)

[Opplæringslov](#)

[Læreplanverket – overordna del](#)

[Stortingsmelding 6](#)

[Ungdata.no](#)

[Barn og unge i plan og byggesak](#)

[Udir – læring og trivsel](#)

[Stoltenbergutvalget](#)

Ein god barndom varer livet ut...



Det er born i kulturskolen som har laga teikningane til oppvekstkår-dokumenta.

Teikninga på framsida er laga av Maria

Teikninga på siste side er laga av Eirill